



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 1. desember 2020

Sak

2020/0324 Volda Frikyrkje – org.nr. 971 371 064 – klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Den Evangelisk Lutherske Frikirke søkte 29. august 2019 om meirverdiavgiftskompensasjon etter forenkla modell for rekneskapsåret 2018 på vegner av seg sjølv og sine underledd.

Lotteritilsynet avslo 2. desember 2019 søknaden for søknadsbeløpet som gjaldt Volda Frikyrkje (klagar), med den grunngivinga at klagar ikkje var registrert i Frivilligregisteret på søknadstidspunktet.

Klagar sende klage på vedtaket 8. januar 2020. Klagar hevdar at det er urimeleg å klandre organisasjonen for forseinkinga i denne prosessen, og urimeleg at dei skal miste meirverdiavgiftskompensasjon som følgje av dette. Klagar vart orientert om at meirverdiavgiftskompensasjon ville krevje innmelding i Frivilligregisteret våren 2019 og søkte hjelp frå Einingsregisteret per telefon for å fylle ut samordna registermelding. Klagar viser til at søknaden vart send i brevpost og nådde Einingsregisteret 3. juli 2019. Den 22. august 2019 fekk klagar brev om mangelfull dokumentasjon i søknaden. Ved kontakt med registeret skal saksbehandlaren ha utalt at elektronisk levering av tilfredsstillande dokumentasjon innan 29. august 2019 ville vere tidsnok til å bli registrert innan 1. september. Klagar leverte dokumentasjonen elektronisk 29. august 2019. Registreringa vart fullført 3. september 2019, og klagar kan ikkje sjå korleis dei kunne gjort noko annleis.

Klaga er i utgangspunktet send etter klagefristen. Lotteritilsynet fann at klaga kunne bli behandla då det allereie 13. november 2019 vart varsle skriftleg at vedtaket ville bli klaga på. Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende klaga med innstilling 24. april 2020 til Lotterinemnda for behandling.

Klagar sende merknader til innstillinga 13. oktober 2020. Det blir her presisert at klagar bad om hjelp og rettleiing frå Frivilligregisteret, og klagar synes at ein

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

annan offentleg instans må ta omsyn til at Frivilligregisteret ikkje har følgt opp fristen. Ein viser dessutan til klaga og merknadene i sin heilskap.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (heretter forskrifta).

Frivillige organisasjoner kan få meirverdiavgiftskompensasjon dersom dei er registrerte i Frivilligregisteret, jf. forskrifta § 3. Vilkåra i forskrifta må vere oppfylte både på søknadstidspunktet og på utbetalingstidspunktet, jf. § 5 andre ledd. Søknadsfristen er 1. september, jf. § 11 første ledd.

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Klaga frå Volda Frikyrkje gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak om å ikkje tildele meirverdiavgiftskompensasjon.

Klaga er inngitt 8. januar 2020. Dette er i utgangspunktet etter klagefristen. I likskap med Lotteritilsynet finn Lotterinemnda at klaga kan bli behandla all den tid det allereie 13. november 2019 vart skriftleg varsla at vedtaket ville bli klaga på.

Det er eit vilkår for meirverdiavgiftskompensasjon at søkeren er registrert i Frivilligregisteret innan søknadsfristen 1. september, jf. forskrifta § 3 første ledd jf. § 5 andre ledd jf. § 11 første ledd. Ettersom søknadsfristen 1. september 2019 fall på ein søndag, vart fristen utvida til mandag 2. september 2019.

Det følger av ordlyden i forskrifta og praksis frå Lotterinemnda og Lotteritilsynet at det må ligge føre ei faktisk registrering innan fristen. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein har sendt søknad om registrering innan fristen. Sjå mellom anna Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2020/320.

Det er søkeren som har ansvaret for å sende inn nødvendig dokumentasjon for registreringa, og at eininga er registrert i Frivilligregisteret på søknadstidspunktet. Dette gjeld sjølv om saksbehandlingstida hos registerførar medfører at registrering først skjer etter fristen for å søkje om meirverdiavgiftskompensasjon. Lotterinemnda viser til innstillinga frå Lotteritilsynet om at Lotteritilsynet ikkje har påverknad på saksbehandlingstid og rutinar i samband med registrering i Frivilligregisteret. Klarar sende inn fullstendig søknad om registrering i Frivilligregisteret 29. august 2019, og registrering låg føre 3. september 2019. Det er vanskeleg for nemnda å vurdere saksbehandlinga i Frivilligregisteret, bakgrunnen for den lange saksbehandlingstida frem til 22. august 2019 og deretter kommunikasjonen per telefon. Vilkåra for å søkje om eller få

meirverdiavgiftskompensasjon var dermed ikkje oppfylte ved søknadsfristen mandag 2. september 2019.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfestat Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk